



# DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokneråd

## Møteprotokoll for Askvoll sokneråd

Tid: 14.01.2016 kl. 15:15

Stad: ASKVOLL

---

### Frammøtte:

Jostein Gryte	Leiar
Wenche Gabrielsen	Nestleiar (Ikkje til stades i sak 3)
Aud Eldrid Frøholm	Medlem
Leif Jørgen Leknes	Medlem
Halldis Rørvik	Medlem
Terje Mork	Medlem
Ingvild Loftheim	Medlem
Stein Hugo Fykse	Medlem (Ikkje til stades i sakene 1,2,4,5,6,7)
Arne Fedøy	Medlem
Else Stølen	Medlem
Karen Anny Espedal	Varamedlem

---

### Forfall:

Harriett Norstrand	Medlem
Anne Grethe Lien	Medlem

---

### Møtande frå administrasjonen:

Rune Ziener Kyrkjeverje

### Saker handsama på møtet:

Saksnr	Uoff	Tittel	Sakshandsamar
SR 2016/1		Godkjenning av innkalling og dagsorden	RUNE ZIENER
SR 2016/2		Godkjenning av protokoll frå soknerådsmøte 17.11.2015	RUNE ZIENER
SR 2016/3		Skriv, meldingar og drøftingssaker	RUNE ZIENER
FR 2016/4		Administrasjonsutvalet. Fastsetting av reglement.	RUNE ZIENER
FR 2016/5		Oppnemning av administrasjonsutval	RUNE ZIENER
FR 2016/6		Val av forhandlingsutval	RUNE ZIENER
FR 2016/7		Leige av Balandet kapell	RUNE ZIENER
FR 2016/8		Budsjett 2016	RUNE ZIENER
SR 2016/9		Kyrkjelydsutvala i Askvoll. Supplerande oppnemning.	RUNE ZIENER

Askvoll, 14.01.2016

Rune Ziener  
Referent.

---

## **SR 2016/1 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

### **INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og dagsorden som dei ligg føre.

### **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og dagsorden som dei ligg føre.

---

## **SR 2016/2 Godkjenning av protokoll frå soknerådsmøte 17.11.2015**

### **INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokoll frå soknerådsmøte 17.11.2015.

### **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokoll frå soknerådsmøte 17.11.2015.

---

## **SR 2016/3 Skriv, meldingar og drøftingssaker**

### **UTGREIING**

Følgjande skriv og meldingar vart lagt fram:

M 2016/01: Påmeldingar til soknerådkurs 04. og 29. februar.

M 2016/02: Trusopplæringsutvalet i Sunnfjord: *Referat frå møte 18.11.2015.*

M 2016/03: Askvoll kommune: Festeavgift på gravplassane i Askvoll kommune - melding om vedtak (25.11.2015)

M 2016/04: Temadrøfting. Evaluering av kyrkjelydsarbeidet i soknet og samtale om mål og prioriteringar. Notat av Jostein Gryte til tema ligg ved utsendinga. Les gjerne kapittel 5 om lokalt planarbeid i soknerådshandboka før møtet.

M 2016/05: Knut Arne Kummeneje: Fasteaksjonen 2016.

M 2016/06: Kort samtale om konkrete oppgåver for kyrkjelydsutvala.

*Det vert sett opp møte mellom soknerådet og kyrkjelydsutvala mandag 1. februar kl. 1900-2100 i Askvoll kyrkje.*

### **INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd tek dei framlagde skriv og meldingar, og drøftingane til orientering.

### **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd tek dei framlagde skriv og meldingar, og drøftingane til orientering.

---

## **FR 2016/4 Administrasjonsutvalet. Fastsetting av reglement.**

### **UTGREIING**

Det ligg ikkje føre gjeldande reglement administrasjonsutvalet i Askvoll sokn. Det bør vedtakast eit reglement for utvalet som fastset mandat og rammer. KA har utarbeidd eit reglementsforslag som ein kan nytte etter lokalt vedtak.

I forslaget er det gjort tilpassing frå normalvarianten når det gjeld samansetning av utvalet, med reduksjon frå 3 arbeidsgivarrepresentantar til 2 og frå 2 arbeidstakarrepresentantar til 1.

Det viktigaste mandatet som ligg til utvalet er at tilsettingsmynde vert lagt til dette organet, med unntak av dei avgrensingar som ligg i punkt 4, første ledd.

## **FORSLAG TIL REGLEMENT FOR ADMINISTRASJONSUTVAL**

*Utvalet skal utføre oppgåvene sine i samsvar med føresagnene i Forvaltningsloven og Offentlighetsloven. Spørsmål om habilitet skal vurderast ut frå Forvaltningsloven § 6 der ein angir både objektive kriterier og kriterier etter skjønn. I tillegg gjeld Kirkeloven § 38 andre ledd.*

### **1 Val og samansetjing**

Administrasjonsutvalet består av 2 medlemer valde av og frå soknerådet, og 1 medlem peika ut av og blant arbeidstakarane. Der der ein eller fleire arbeidstakrar er medlem i ein arbeidstakarorganisasjon med partsrett, peikar ein ut arbeidstakarrepresentantane etter reglane i Hovedavtalen § 10.

Arbeidstakrarar kan ikkje veljast som arbeidsgivarrepresentantar.

Arbeidsgivarrepresentantane blir valde blant representantane i soknerådet. Soknerådet vel leier og nestleiar blant arbeidsgivarrepresentantane i utvalet.

Både arbeidsgivar- og arbeidstakarrepresentantane blir valde/peika ut for ein 4-års periode (dvs. valperioden for soknerådet). Dersom spesielle grunnar taler for det, er det høve for arbeidstakarsida til å skifte ut medlemene sine etter 2 år.

Dersom ein medlem går ut av utvalet, blir nytt medlem vald / peika ut for resten av perioden sjølv om det er valt varamedlem. Gjeld denne leiaren, skal det veljast ny leiar, sjølv om det tidlegare er valt nestleiar.

Det blir valt/peika ut personlege varamedlemer både for arbeidsgivar- og arbeidstakarrepresentantane.

## 2 Mandat

Administrasjonsutvalet er soknerådet sitt partssamansette utval etter Kirkelovens § 35. Utvalet har eit overordna ansvar i spørsmål av personalpolitisk karakter, og for å setje slike spørsmål på dagsorden. Utvalet skal behandle saker som gjeld forholdet mellom soknerådet som arbeidsgivar og dei tilsette, med utgangspunkt i Hovedavtalen § 10-1 «Administrasjonsutvalg/partssammensett utval».

**Kommentar:**

*Ein føresetnad er at administrasjonsutvalet ikkje handsamar personalsaker, og ikkje erstattar administrasjonen si rolle i personalforvaltninga.*

*Føresegnene i Hovedavtalen § 10-1 kan tilpassast dei lokale forholda. Dette er det gitt høve til i Hovedavtalen § 7-4. Det kan til dømes gjelde tal på medlemer (2+1 i staden for 3+2), fleirtalsval i staden for forholdstalsval av arbeidstakarrepresentantar og kva saker utvalet skal behandle. Uavhengig av kva slags tilpassingar det er tale om, gjeld Kyrkjeloven § 35 og intensjonen bak denne paragrafen.*

## 3 Saker der utvalet har avgjerdsrett

Administrasjonsutvalet fattar vedtak innanfor dei retningslinjene som er fastsette i lov, i medhald av lov eller er vedtekne av fellesrådet, og innanfor fastsette budsjettrammer.

Utvalet har avgjerdsrett i følgjande saker:

- Tilsetting av arbeidstakarar, jf. likevel HA §10-2 og dei unnatak ein finn i punkt 4 første ledd i reglementet.
- Godkjenne stillingsomtaler for stillingar der utvalet har tilsettjingsrett.
- Konstituere i stillingar der utvalet har tilsettjingsrett.
- Avgjere søknader om permisjon som går ut over det som står i Permisjonsreglementet, og avgjere tvist om tilsette kan ha anna lønna arbeid utanom hovudstillinga (jf. Arbeidsreglement punkt 13).
- Avgjere spørsmål som gjeld tolking av fellesrådet sine reglement om tilsetting og arbeidsvilkår. (Tolkning av tariffavtaler følgjer reglane i Hovedavtalen § 5 ).

- Andre saker som soknerådet delegerer til utvalet.

-

#### **4 Saker der utvalet har uttalerett**

- ved tilsetjing av dagleg leiar for soknerådet og andre leiarstillingar der soknerådet tilset.
- ved oppretting, nedlegging eventuell endring av stillingar.
- ved fastsetjing eller endring av reglement som gjeld arbeidstakarane, for eksempel permisjonsreglement, tilsetjingsreglement, reglement for administrasjonsutval, arbeidsreglement og ev andre lokale reglement.
- ved utvikling og omstillingsprosessar, inkl. nye organisasjons- og bemanningsplanar. (jf. Hovedavtalen § 10-1 b)
- ved innføring av ny teknologi og vesentleg omlegging av dei tekniske hjelpemiddela.
- ved forslag til effektiviseringstiltak.
- ved andre saker av personalpolitisk karakter som fellesrådet legg fram for utvalet.

#### **5 Møte i administrasjonsutval**

- Utvalet skal ha møte når leiaren finn det nødvendig eller når minst 2 medlemer krev det. For å ivareta framdrift og kontinuitet bør det utarbeidast ein årleg møteplan for utvalet.
- Utvalet blir innkalla skriftleg med 7 dagars varsel. Saksdokumenta blir sende til medlemer og varamedlemer og andre med møterett.
- Møta i utvalet blir normalt halde for lukka dører.
- Utvalet er vedtaksført når minst halvparten av medlemene er til stades, medrekna leiari eller nestleiar. Vedtak vert fatta med allment fleirtal. Ved likt stemmetal er stemma til leiaren avgjerande.
- Dagleg leier/ kyrkjeverja eller den han peikar ut, er sekretær for utvalet. Sekretæren har møteplikt, samt tale- og forslagsrett.
- Leiaren i soknerådet og dagleg leiar/kyrkjeverje har møte-/tale- og forslagsrett i utvalsmøta sjølv om desse verken er medlem eller sekretær i utvalet.

- Sekretæren kan i samråd med leiaren innkalle andre det er ønskjeleg å rådføre seg med.
- Det skal først møtebok som blir sendt til medlemer og varmedlemer og andre med møterett så snart som mogeleg etter møtet. Møtebok blir også send medlemene i fellesrådet.

## 6. Tidsramme

Dette reglementet blir gjort gjeldande for perioden 01.01.2016-31.12.2019 , og blir evaluert innan utgangen av juni 2017.

## INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek reglement for kyrkjeleg administrasjonsutval slik det ligg føre i forslaget.

## SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek reglement for kyrkjeleg administrasjonsutval slik det ligg føre i forslaget.

---

## FR 2016/5 Oppnemning av administrasjonsutval

### UTGREIING

Etter kirkeloven § 35, jf. hovudavtalen for KA sitt tariffområde § 10, skal det oppnemnast eit partssamansett utval som handsamer saker som gjeld forholdet mellom sokna/soknet som arbeidsgjever og dei tilsette.

Arbeidsgjever sine representantar skal utgjere eit fleirtal i utvalet, og dei tilsette bør normalt sett vere representert med minst to representantar (jf. rettleiing til hovudavtalens § 10).

Som normalordning bør forholdstalet vere 3-2, men det kan avtalast lokale tilpassingar, t.d. 2-1 (sjå HA § 7-4). Ei slik tilpassing hadde ein i soknet i sist valperiode.

For å få kontinuitet i arbeidet, vil det som oftest vere tenlig at det er dei samme representantane som også utgjør arbeidsutvalet, eventuelt også forhandlingsutvalet i virksemda.

## INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd utpeikar \_\_\_\_\_ og \_\_\_\_\_ som medlemmer (arbeidsgivarrepresentantar) i kyrkjeleg administrasjonsutval med \_\_\_\_\_ og \_\_\_\_\_ som personleg vara.

2. Leiar i administrasjonsutvalet er \_\_\_\_\_ og nestleiar er \_\_\_\_\_ .

## SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd utpeikar Jostein Gryte og Wenche Ness Gabrielsen som medlemmer (arbeidsgivarrepresentantar) i kyrkjeleg administrasjonsutval med Terje Mork og Aud Frøholm som personleg vara.

2. Leiar i administrasjonsutvalet er Jostein Gryte og nestleiar er Wenche Ness Gabrielsen.

---

## FR 2016/6 Val av forhandlingsutval

### UTGREIING

For å gjennomføre lokale lønnsforhandlingar bør det veljast eit forhandlingsutval på t.d. to personar. For å sikre kontinuitet i utvala er det ein fordel at det er dei som veljast sitt i administrasjonsutvalet og arbeidsutvalet.

I tillegg bør det veljast to varamedlemmer.

Kyrkjeverja bør ha sekretærfunksjon i utvalet.

Det ligg ikkje føre noko reglement for utvalet, men det er tilstrekkeleg at soknerådet gir fullmakt til utvalet i kvar enkelt sak.

### INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vel \_\_\_\_\_ og \_\_\_\_\_ som medlemmer av forhandlingsutvalet med \_\_\_\_\_ og \_\_\_\_\_ som personleg vara.
2. Leiar i forhandlingsutvalet er \_\_\_\_\_.
3. Forhandlingsutvalet sin funksjonstid følgjer soknerådsperioden.

### SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vel Jostein Gryte og Wenche Ness Gabrielsen som medlemmer av forhandlingsutvalet med Terje Mork og Aud Frøholm som personleg vara.
2. Leiar i forhandlingsutvalet er Wenche Ness Gabrielsen.
3. Forhandlingsutvalet sin funksjonstid følgjer soknerådsperioden.

---

## FR 2016/7 Leige av Balandet kapell

### UTGREIING

Askvoll sokn har motteke søknad om auka økonomisk støtte frå styret for Foreininga Balandet kapell (12.11.2015).

Begrunnelinga er at ein med ny gudstenesteordning har fått auka frekvens på gudstenestene i Balandet, etter at ein ikkje lenger har ordinære gudstenester i Værlandet bedehuskapell, men at tilskotssummen til Balandet kapell har vore uforandra.

Styret for kapellet skriv at årleg tilskot har vore kr 18400,- for om lag 10 årlege gudstenester, og ber om at dette vert auka opp forholdsvisig i samsvar med auka bruk med kr 9200,- pr. år for 5 ekstra gudstenester, pluss noko prisstigning (kr 2400,- frå 2010-nivå som tilsvarar årleg omlag 1,45% auke i snitt).

Styret for kapellet ber såleis om auke i tilskotssum til kr 30.000,- frå 2016.

Vurdering:

Det er trond for ein generell gjennomgang av økonomisk tilskot til-/leigepris for kapella, særleg etter at gudstenestestrukturen i soknet er lagt om frå 01.08.2014.

Det bør leggast til grunn dei reelle meirkostnadane ved drift av kapella som påløper ved at dei vert nytta til gudstenester og kyrkjelege handlingar.

Søknaden om auka tilskot til Balandet kapell som følgje av ca. 50% auke i soknet sin aktivitet der samt prisstigning synest å vere sakssvarande.

Som konsekvens av nedlegging av aktivitet i Værlandet og Stongfjorden kapell, bør ein tilsvarande vurdere evt. reduksjon i tilskotet til desse to kapella.

### INNSTILLING

1. Driftstilskot til Balandet kapell for Askvoll sokn sin aktivitet der, vert auka opp til kr 30.000,- pr. år frå 2016.

### SAMRØYSTES VEDTAK

1. Driftstilskot til Balandet kapell for Askvoll sokn sin aktivitet der, vert auka opp til kr 30.000,- pr. år frå 2016.

## FR 2016/8 Budsjett 2016

### UTGREIING

Kyrkjelege fellesråd og sokneråd i eitsoknskommunar skal etter økonomiforskriftene § 4-2, 2. ledd, innan byrjinga av året, eller seinast 1 månad etter at kommunen si løyving til rådet er kjent vedta årsbudsjett for verksemda. Årsbudsjettet er ein bindande plan for rådet sin bruk av midlar i budsjettåret (jf. 1. ledd).

Budsjettvedtak for 2016 (K-sak 116/15) er løyving til Askvoll sokn sett til:

- Driftstilskot kr 3.669.000,-
- Investeringsstilskot (brannsikring Vilnes kyrkje) kr 800.000,-

Total ramme på drift er i samsvar med soknet sitt økonomiplanvedtak.

Investeringsstilskotet på kr 800.000,- ligg 1,1 mill. under investeringsramma soknet ba om for 2016.

Konsekvensen vert at ein ikkje har midlar til rehabilitering av sanitærrom, varmeløysing og utbetring av innvendige fuktksadar på Kvammen kapell.

I tillegg er enkelte av investeringsprosjekta for 2015 ikkje ferdige.

Desse prosjekta må ein oppfinansiere frå 2016:

Pr.nr	Pr.namn	Overført
1002	Kvammen kapell	-2 179 000
1003	Sikring mot Bakkeelva	-1 214 000
1004	Utviding Askvoll kyrkjegard*	-975 000
XX	Utviding parkeringsplass Vilnes kyrkje	-120 000
	<u>Totalt overført</u>	<u>-4 488 000</u>

\*Inkludert tilleggsloyming gitt i 2015 kr -760.000,-

Med budsjettforslaget som ligg føre, vil ein ha ei total investeringsramme på kr 5 748 000,- for 2016.

### DEL 1: Investeringar Askvoll sokn 2016 (etter økonomiplanvedtak)

PROSJEKT	Prosjektramm e
<b>Vilnes kyrkje – Lyssetting ved kyrkje, parkering og gravplass</b> Finansiering: Askvoll kommune Eigenfinansiering:	<u>250 000</u> 0 -250 000
<b>Vilnes kyrkje – Brannsikring</b> Finansiering: Askvoll kommune Eigenfinansiering:	<u>1000 000</u> -800 000 -200 000
<b>Eigenkapitalinnskot KLP</b> Overføring frå drift	<u>10 000</u> -10 000

## **PROSJEKTOMTALAR (nye prosjekt)**

**2016:**

### **Vilnes kyrkje – Lyssetting ved kyrkje, parkering og gravplass**

Det ikkje noko lyssetting ved Vilnes kyrkje anna enn eit par enkle utelamper på kyrkja. På parkeringsplassen og på tilkomstvegen er det ikkje noko lys. Brukarar av kyrkja er misnøgd med situasjonen, og utan lyssetting kan det oppstå farlege situasjoner. Det bør monterast lys på tilkomstveg og parkeringsplass, langs gangveg inne på gravplassen og opplysning av kyrkja. Vidare bør ein komme i gang med arbeidet med utviding av parkeringsplassen, då parkeringstilhøva ikkje er tilfredsstillande pr. i dag.

*Finansieringsbehov:*

Kr 250.000,- (0% kommunal finansiering)

Dette prosjektet er forutsett finansiert av fondsmidlar (motteken gáve i 2015).

### **Vilnes kyrkje – Brannsikring**

Vilnes kyrkje står i ei særstilling i distriktet sett ut frå antikvariske omsyn. Det er derfor viktig å sikre bygget mellom anna mot brann. Pr. i dag er det ikkje tilfredsstillande brannsikring av Vilnes kyrkje, og det er heller ikkje tilfredsstillande tilgang til slokkemidlar. Ein bør vurdere automatiserte sikringstiltak på bygget, som t.d. sprinkling eller vanntåkeanlegg og eit godt overvåkingssystem. Prosjektet er ikkje kostnadsrekna.

*Finansieringsbehov:*

Kr 1 mill (80% kommunal finansiering).

Dette prosjektet er forutsett restfinansiert av fondsmidlar (motteken gáve i 2015).

Dette prosjektet er omfatta av rentekompensasjonsordninga frå Husbanken.

## **DEL 2: Drift**

I planforslaget er det lagt opp til uendra, fast driftsnivå samanlikna med 2015. Oppsettet opererer med eit tydeleg skille mellom dei såkalla forvaltingsdelene av budsjettet som primært er kommunalt finansiert og kyrkjelydsarbeidet som har andre finansieringskjelder (t.d. statleg trusopplæringstilskot og diverse gåver/innsamla midlar).

### **1. HOVUDKAPITTEL 34100-34300 KYRKJELEG FORVALTNING**

#### **1.1.0 Utgifter**

##### **1.1.1 Lønn og sosiale utgifter**

Her er lagt opp til uendra driftsnivå frå 2015.

*Driftsprosjekt - kartlegging av gravfestarar og reetablering av utløpte festeavtalar.*

I tillegg er lagt inn ei vidareføring av mellombels administrasjonsressurs på 20% gjennom heile året for å arbeide med kartlegging av festarar og etablering av nye festeavtaler, i og med at ein har eit etterslep på dette arbeidet fleire år tilbake i tid. Auka festeinntekter er lagt inn som finansiering av dette prosjektet som har ein kostnad på om lag kr 111 000,-. Dette arbeidet er viktig å halde fram med, fordi ytterlegare etterslep vil gi forsterke

framtidig inntektsbortfall samt gjøre gravplassforvaltinga meir komplisert.

Samla budsjettet utgift for 2016 er kr 2.633.700,- som er kr 86.300,- lågare enn talet i økonomiplanvedtaket. Reduksjonen her er føreslege nytta til styrking av likehalds- og utviklingsplanen.

### **1.1.2 Kjøp av varer og tenester**

Faste driftsutgifter som energi, graving, forsikring, m.v. utgjer i forslaget kr 922.000,-, som er vidareføring frå ØP 2015 med tillegg av 2,1% i prisvekst, samt utarbeiding av digitale bygningsteikningar av Vilnes kyrkje.

I tillegg er det føreslege brukt kr 325.000,- til variabel vedlikehalds- og utviklingsplan 2016. Denne er noe justert i forhold til økonomiplanvedtaket for 2016, med oppgradering av varmestyringssystemet i Askvoll kyrkje finansiert med reduksjon i oppbevaringsløysing i Kvammen kapell og lågare lønnsutgifter enn tidlegare forventa.

Totalt til vare og- tenestekjøp, kr 1.170.000,-

### **VU-plan 2016**

<b>Tiltak</b>	<b>Stip. utgift</b>
AV-utstyr	20000
Oppbevaringsløysing, Askvoll kyrkje	10000
Oppbevaringsløysing, Kvammen kapell	5000
Oppgradering varmestyringssystem, Askvoll kyrkje	5000
Stabsutviklingstiltak	15000
Galleritrapp Holmedal kyrkje	100000
Udstillingsmonter til messekakel i Holmedal	10000
Utbetring av lekkasje og sikring av tilkomst til klokketårn i Vilnes	50000
Ferdigstilling interiør Askvoll kyrkje (skip)	50000
Automatisk varmestyring Holmedal kyrkje	10000
Uføresett vedlikehald	50000
<b>SUM</b>	<b>325000</b>

### **1.1.3 Refusjonar og overføringer**

Her ligg inne:

- Avsetningar av gåver og kyrkjeoffer til bunde fond for kyrkjene, stipulert kr 20.000,-.
- Overføring til investeringsrekneskapen med kr 50.000,- til lyssetting ved Vilnes kyrkje og kr 36.000,- til ferdigstilling av utviding av Askvoll kyrkjegard.
- Overføring til investeringsrekneskapen med kr 10.000,- til kapitalinnskot, KLP.
- Refusjonar for leige av bedehuskapella med kr 60.000,- (oppjustert frå 50.000,- i økonomiplan pga. auka leige for Balandet kapell).
- Kr 4.300,- er føreslege avsett til disposisjonsfond.

Totalt kr 189.000,-

### **1.2.0 Inntekter**

#### **1.2.1 Brukarbetaling, sal, avgifter og leigeinntekter**

Dette vil vere ein varierande inntektskategori, særleg ut frå varierande tal festefornying. Det er registrert ca. 90 festeutløp i 2016, men arbeidet arbeidet med å reetablere eldre avtalar held fram. Stipulert tal nye/gjenopptekne festeavtalar for 2016 er i forslaget sett til 220 stk. og det er då rekna inn reetablering av om lag 130 tidlegare utløpte festeavtalar, som til saman vil gi ein minsteinntekt på kr 165.000,-. I tillegg kan ein stipulere kr 40.000,- ekstra som følgje av at ein frå 2016 truleg vil inngå langt fleire festeavtalar for graver eldre enn 70 år. Om det vert innført betalingsfri gravperiode for alle graver i fredingstida vil om lag kr 15.000,- komme til inntektsreduksjon.

Samla stipulat for festeavgift i 2016 vert sett til kr 190.000,-

I tillegg har ein inntekt på utanbygds gravleggingar, stipulert til kr 12.000,-.

Vidare er det stipulert kr 3.000,- i leigeinntekt for kyrkjene.

Total inntekt er sett til kr 205.000,-.

#### **1.2.2 Refusjonar og overføringer**

Refusjon frå Askvoll kulturskule for utleige av musikar, stipulert kr 167.000,-.

#### **1.2.3 Rammetilskot eigen kommune**

Her er lagt inn tilskot i samsvar med budsjettvedtak i kommunen, kr 3.669.000,-

#### **1.2.4 Andre tilskot og gaver**

Stipulert kr 20.000,- i gave og offerinntekter til kyrkjene.

## **HOVUDOPPSETT FORVALTNING**

Lønn og sosiale utgifter	2633700				
Kjøp av varer og tenester	1247000				
Refusjonar og overføringer	180300				
Sumutgifter	<u>4061000</u>				
Inntekter					
Brukabetalung, sal, avgifter	-205000				
Refusjonar og overføringer	-167000				
Rammetilskot eigen kommune	-3669000				
Andre tilskot og gaver	-20000				
Suminntekter	<u>-4061000</u>				
Resultat	0				

## 2 Hovudskapittel 04400- Anna kyrkjeleg verksemd

Soknet sitt kyrkjelydsrelaterte arbeid vil primært verte finansierast ved særskilte ikkje-kommunale tilskot (t.d. trusopplæringstilskot), gåver, kyrkjeofringar og brukarbetalingar/eigenandelar.

### 2.1 Teneste 04400: Anna kyrkjeleg verksemd

Under dette delkapitlet ligg det budsjettpostar knytt til andre kyrkjelydsaktivitetar, t.d. medarbeidarfest, kyrkjekaffi, kyrkjemusikk etc., samt ofringar og innsamlingar til eksterne mottakarar. Ofringar til eksterne mottakarar og innsamlingsaksjonen til Kirkens Nødhjelp ligg med kalkulatorisk effekt og vil ikkje påverke driftsresultatet.

TENESTE 04400 Anna kyrkjeleg verksemd	Beløp
Anna forbruksmateriell, råvarer og tenester	15000
Arrangement	15000
Overføring av ofringar og innsamla midlar	50000
Kirkens Nødhjelp	35000
Offer/innsamla til eiga verksemد	-30000
Offer/innsamla til andre	-50000
Kirkens Nødhjelp	-35000
Differanse	0

### 2.2. Teneste 04432: Trusopplæring

TENESTE 04432 Trusopplæring	
Fast lønn	190000
KLP	30000
Arbeidsgivaravgift	24000
Forbruksmateriell, utstyr og tenester	80000
Anna forbruksmateriell, råvarer og tenester	10000
Opplæring, kurs	5000
Leige av lokale og grunn	3000
Refusjon til andre	2000
Betaling frå deltakarar	-39000
Tilskot frå staten	-305000
Differanse	0

### 2.3 Teneste 04479: Kyrkjeblad

Trykkekostnader for kyrkjebladet bør finansierast ved annonsesal og bladpengar/gåver. Ein god layout med fargetrykk er relativt kostbart, og inntekter på 2014-nivå vil ikkje fullfinansiere dette. Det er eit mål med fire publikasjonar årleg for å halde god kontinuitet i publikasjonane.

Ein må vurdere tiltak for å auke inntektene, eller alternativt redusere talet utgivelser for å sikre ein berekraftig driftsøkonomi for bladet.

TENESTE 04479 Kyrkjeblad	Beløp
Anna forbruksmateriell, råvarer og tenester	110000
Post, bank, telefoni og datalinjer	6000
Sal av varer og tenester	-116000
Differanse	0

## INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek investeringsbudsjett for 2016 som det ligg føre i forslaget frå kyrkjeverja.
2. Askvoll sokneråd vedtek driftsbudsjett for 2016 som det ligg føre i forslaget frå kyrkjeverja.

## SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek investeringsbudsjett for 2016 som det ligg føre i forslaget frå kyrkjeverja.
2. Askvoll sokneråd vedtek driftsbudsjett for 2016 som det ligg føre i forslaget frå kyrkjeverja.

---

## SR 2016/9 Kyrkjelydsutvala i Askvoll. Supplerande oppnemning.

### UTGREIING

I sak SR 2015/56 vart det oppnemnt ein del personar til dei ulike kyrkjelydsutvala i soknet. I samsvar med vedtaket sitt pkt. 2 skulle soknerådet foreta supplerande oppnemning i neste møte.

Dei som er oppnemnt er:

KYRKJELYDSUTVAL	
ASKVOLL	Ingvild Loftheim
	Aud Eldrid Føholm
BULANDET	Arne Fedøy

	Tone Nybø
	Kathrin Sunde Rogne
	Magnar Hillersøy
	Synnøve Melvær
	Marit Veim Thistel
	Målfrid Hittun Fedøy
<b>HOLMEDAL</b>	Terje Mork
<b>KVAMMEN</b>	Halldis Rørvik
<b>VILNES</b>	Else Stølen
	Gunn Sætre

## INNSTILLING

Ingen.

## SAMRØYSTES VEDTAK

1. Etter supplerande oppnemning består kyrkjelydsutvala av:

KYRKJELYDSUTVAL	
ASKVOLL	Ingvild Loftheim
	Aud Eldrid Føholm
	Oddgeir Askevold
	Ingvild Strømmen
	Arne Tjugum
	Liv Hushagen
BULANDET	Arne Fedøy
	Tone Nybø
	Kathrin Sunde Rogne
	Magnar Hillersøy
	Synnøve Melvær
	Marit Veim Thistel
	Målfrid Hittun Fedøy
HOLMEDAL	Terje Mork
	Kari Berit Ness
	Jorunn Bull
	Anne Grethe Lien
	Anne Grethe Lien
	Karen Espedal

<b>KVAMMEN</b>	Halldis Rørvik
	Marit L Gryte
	Harald Ålen
	Atle Selvik
	Leif Leknes
<b>VILNES</b>	Else Stølen
	Gunn Sætre
	Agnar Vilnes
	Edvin Landøy
	Kjellaug Vilnes
	Esther Hugøy